



Innst. 25 S

(2014–2015)

Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Meld. St. 22 (2013–2014)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Noregs deltaking i den 68. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 67. generalforsamlinga i FN

Til Stortinget

Sammendrag

Meldinga gjeld Noreg si deltaking i FN si generalforsamling, som kvar haust finn stad i organisasjonen sitt hovudsete i New York. Meldinga, som illustrerer det omfattande norske engasjementet i FN, er samansett av fire delar: generalforsamlinga, dei seks faste komiteane, Tryggingrådet og styrking av FN, reform og aktørar. For ei nærare skildring av dei ulike aktivitetane og sakene under generalforsamlinga vert det vist til meldinga. I det følgjande vert nokre av dei mest sentrale attgjevne.

Den innleiande generaldebatten under den 68. generalforsamlinga i FN vart halden i ein konstruktiv tone. Signal om ei politisk forhandlingsløyning på det iranske kjernefysiske programmet og sterk støtte til initiativet frå utanriksminister Kerry for å skape ny dynamikk i fredsprosessen i Midtausten skapte forventningar. Utviklinga i Syria og bruken av kjemiske våpen vart omtalt av mange land, og det var spesielt oppmuntrande at Tryggingrådet gjorde eit historisk og samrøystes vedtak om å øydeleggje dei kjemiske våpna i Syria innan 30. juni 2014. Vedtaket bidrog sterkt til å få kalla saman til den andre Genève-konferansen om Syria. Generaldebatten stadfesta at medlemslanda har forplikta seg til å nå FN's tusenårsmål og til å utforme ein truverdig utviklingsdagsorden for perioden etter 2015.

Generaldebatten stadfesta òg kor mangfaldige haldningane blant medlemslanda er i sentrale globale spørsmål, og dette prega det påfølgjande arbeidet i dei ulike komiteane. Dette førte til at den regulære haustsesjonen først kunne avsluttast på overtid 27. desember (2013), særleg som følge av djup usemje i 5. komité (som behandlar budsjettmessige og administrative spørsmål) om både storleiken på det regulære FN-budsjettet for perioden 2014–2015, administrative reformer, forsøket på å styrkje evna i FN-sekretariatet til å støtte FN's politiske sendelag (Special Political Missions) og spørsmålet om det skal opprettast ei eining for partnerskap med privat sektor.

Arbeidet i komiteane viste stor avstand på sentrale område som menneskerettar, resolusjonen om kvinnelege MR-forsvararar, likestilling og kvinneverrettar, seksuelle og reproduktive rettar, humanitære spørsmål, utviklingsdagsordenen etter 2015, finansiering for utvikling, oppfølging av Rio-konferansen for berekraftig utvikling, Midtausten, kjernefysisk nedrusting og ikkje-spreiing og folkerettslege spørsmål.

Norske og likesinna posisjonar vart ikkje berre utfordra av tradisjonelle motpartar som Iran, Syria, Cuba, Venezuela, Russland, Kina og Vatikanet, men òg av meir moderate land som Indonesia, Singapore, Sør-Afrika og andre land i Afrika-gruppa. Singapore spelte ei sentral rolle når det gjaldt både menneskerettar og FN-budsjettet og administrative spørsmål. Brasil heldt høg profil både i 5. komité, i forhandlingane om global helse og utanrikspolitikk og i diskusjonane om utviklingsdagsordenen etter 2015. Det vanskelege forholdet mellom afrikanske land og Den internasjonale straffedomstolen (ICC) prega òg biletet.

Trass i utfordringane vart svært mange resolusjonar framleis vedtekne samrøystes. Noreg fekk gjennomslag for sine politiske prioriteringar og loste mel-

lom anna gjennom politisk følsame resolusjonar på menneskerettsområdet til konsensusvedtak. Norge spelte òg ei sentral rolle i å utforme innrettinga på det nye høgnivåforumet for berekraftig utvikling og var med på å samle brei og tverregional oppslutning til den internasjonale avtalen om våpenhandel.

I Tryggingrådet vart arbeidet dominert av situasjonen i Syria. Då tryggingrådsresolusjon 2118 vart vedteken, bana dette veg for etableringa av fellesoperasjonen med Organisasjonen for forbod mot kjemiske våpen (OPCW) for destruksjon av dei kjemiske våpna i Syria, men det var òg eit viktig bidrag til den politiske prosessen. Avstanden mellom USA og Russland i Syria-spørsmålet er stor, og humanitær tilgang i Syria har vist seg å vere vanskeleg. Tryggingrådet makta å samle seg om ei presidentfråsegn om den humanitære situasjonen i Syria, som i sin tur la grunnlaget for vedtakinga av den viktige resolusjonen 2139 fire månader seinare. Den alarmerande utviklinga i Den sentral-afrikanske republikken og krisen i Sør-Sudan har elles prega arbeidet i Rådet. Medlemene av Tryggingrådet har i dei to landsituasjonane vist vilje til å trekkje i same retning og gjere vedtak for å avhjelpe den dramatiske situasjonen på bakken. For første gong i historia valde ein nyvald medlem av Tryggingrådet, Saudi-Arabia, å seie frå seg setet. Jordan kom dermed inn som ny medlem. Litauen er ny medlem frå austgruppa og legg opp til å trekkje vekslar på nordisk-baltisk samarbeid.

Nok ein gong har det vist seg at grunnleggjande reform av FN ikkje kan gjerast i ei hand vending, men det vart likevel teke enkelte viktige avgjerder. Det var svært positivt at høgnivåforumet for berekraftig utvikling (HLPF) vart oppretta og tek over etter den no nedlagde kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD). Dette gjev håp om ei sterkare politisk forankring av innsatsen FN gjer på området berekraftig utvikling.

Viktige initiativ som vil gje generalsekretæren auka handlingsrom i forvaltninga av apparatet, er forebels utsette, men det var oppløftande at den viktige mobilitetsreforma til slutt vart vedteken i første halvår av 2014. Det vil bli meir krevjande å få gjort nødvendige vedtak som vil gje generalsekretæren høve til å støtte FN's politiske sendelag på ein meir effektiv måte. Forslaget om å opprette ei ny eining for å styrkje partnerskapen med privat sektor er òg utsett etter vanskelege forhandlingar.

Vidare er det behov for ein gjennomgang av måten generalforsamlinga arbeider på, spesielt dei seks faste komiteane. Mange medlemsland har sterke og til dels fastlåste posisjonar omkring reform av generalforsamlinga. Likevel synest det å rå vilje i arbeidsgruppa om revitalisering av generalforsamlinga til å behandle dei meir utfordrande spørsmåla. Posisjonane i spørsmålet om utviding av Trygging-

rådet er endå meir fastlåste, og debattane i den 68. sesjonen av generalforsamlinga stadfesta dette. Norge har difor, saman med ei tverregional gruppe av land (ACT), profilert seg for å gjere Tryggingrådet meir ope og påliteleg.

Ei sentral utfordring for komande år vil vere utforminga av FN's utviklingsdagsorden for perioden etter 2015. Noreg har ei viktig rolle i FN som støttespelar for dei fattige i verda. Leiarrolla i arbeidet med finansiering for utvikling er eit eksempel på det. Samtidig vil Noreg ha ei sterk stemme i saker som gjeld menneskerettar, demokrati og godt styresett. Noreg vil halde fram med systematisk å byggje alliansar på tvers av regionale grupper for å oppnå konsensus på tvers av regionale skiljelinjer.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Svein Roald Hansen, lederen Anniken Huitfeldt, Marit Nybakk, Kåre Simensen og Jonas Gahr Støre, fra Høyre, Regina Alexandrova, Sylvi Graham, Øyvind Halleraker, Trond Helleland og Gunnar Viken, fra Fremskrittspartiet, Kristian Norheim, Per Sandberg og Christian Tybring-Gjedde, fra Kristelig Folkeparti, Knut Arild Hareide, fra Senterpartiet, Liv Signe Navarsete, fra Venstre, Trine Skei Grande, og fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, har merket seg de viktigste temaene som preget den 68. generalforsamling i FN, herunder Sikkerhetsrådets vedtak om å ødelegge kjemiske våpen i Syria, fredsprosessen i Midtøsten, FN's tusenårsmål, utviklingsdagsorden etter 2015, høynivåforum om bærekraftig utvikling, våpenhandelsavtale (ATT), samt reform og administrative spørsmål og budsjettspørsmål i FN-systemet.

Komiteen viser til viktigheten av at Sikkerhetsrådet i juni 2013 klarte å komme frem til et mer effektivt svar på borgerkrigen i Syria. Enigheten som ble oppnådd om Sikkerhetsrådets resolusjon 2118 banet vei for Organisasjonen for forbud mot kjemiske våpen (OPCWs) arbeid og uttransportering og destruksjon av Syrias lagre med kjemiske våpen, en operasjon Norge stilte med både transportskip og militær eskorte for, og som senere i 2013 førte til at OPCW mottok Nobels fredspris. Trass stor uenighet om Syrias ansvar for borgerkrigen og overgrepene som har rammet sivilbefolkningen i landet, åpnet Sikkerhetsrådets resolusjon 2118 også et bidrag til den politiske prosessen gjennom Sikkerhetsrådets resolusjon 2139 fra februar 2014 som krevde stans i all voldsbruk og menneskerettighetsbrudd fra alle parter i borgerkrigen i Syria.

Komiteen legger til grunn at det er bred tverrpolitisk vilje og enighet om at Norge skal være en pådriver for å sikre at alle FNs tusenårsmål er nådd innen 2015, og viser til at Norge har tatt et spesielt ansvar for tusenårsmål nr. 4 og 5 om å redusere barnedødelighet, mødredødelighet, bedring for gravide og fødende kvinners helse. Komiteen støtter Norges aktive rolle i FNs arbeid for verdens fattigste. Norges lederrolle i arbeidet med finansiering for utvikling er ett eksempel på dette. Komiteen mener at Norge skal være pådriver i å utforme en troverdig utviklingsdagsorden i perioden etter 2015.

Komiteen viser til at Norge fikk godt gjennomslag for prioriterte saker, herunder konsensusvedtak på menneskerettighetsområdet, innretningen på det nye høynivåforumet for bærekraftig utvikling, og en bred, tverregional oppslutning til den internasjonale avtalen om våpenhandel (ATT).

Komiteen mener at Norge må være en aktiv stemme for å reformere FN-systemet og ønsker at FN-organisasjonene vektlegger resultater og effektivitet når nivået på bidrag fastsettes. Komiteen støtter den tyngden Norge legger inn på reformtiltakene, blant annet personalreformen, som skal fremme effektivitet og en styrket resultatbasert ledelse av FN, og viser til at det må legges finansiell styrke bak kravene til reform. Komiteen mener Norge skal opptre konstruktivt og kritisk overfor FNs ressursbruk med sikte på sterkere resultatbasert ledelse, gode rapporteringsrutiner og økt målbarhet av oppnådde resultater. Komiteen mener videre at Norge skal arbeide for at FN fortsetter å fremme tiltak mot økonomiske misligheter og tiltak som sikrer en ansvarlighetskultur som styrker innsatsen for tilsyn og kontroll.

Komiteen støtter regjeringens engasjement for å styrke FNs evne til å forebygge og løse væpnede konflikter og til å fremme langsiktig fredsbygging gjennom FN-ledede operasjoner. Norge skal fortsette arbeidet for å gjøre FNs fredsbyggingskommisjon mer relevant på landnivå.

Komiteen støtter regjeringens engasjement for å fremme resolusjonene fra Sikkerhetsrådet og tematiske debatter om kvinner, fred og trygghet, seksualisert vold, barn i væpnet konflikt og vern av sivile i væpnet konflikt, i tillegg til engasjementet for ansva-

ret med å beskytte («Responsibility to Protect», R2P).

Komiteen viser også til Meld. St. 33 (2012–2013) Norge og FN: Felles framtid, felles løsning, der det ble oppnådd enighet om en felles FN-politikk som skal være retningsgivende for Norges aktive FN-engasjement.

Komiteen legger vekt på at Norge fortsatt skal ha en sterk stemme i FN i saker om menneskerettigheter, demokrati og godt styresett, og støtter at Norge fortsatt skal bygge systematiske allianser for å oppnå konsensus på tvers av regionale grupper og skillelinjer.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti ser med glede på at flere land omtalte mobilisering av nasjonale ressurser og skattlegging, kampen mot ulovlig kapitalflyt og korrupsjon. Dette medlem mener Norge bør fortsette å ta et lederansvar i dette arbeidet og viser til at ulovlig kapitalflyt fra utviklingsland utgjør anslagsvis ti ganger mer enn den samlede offentlige bistanden, og skatteunndragelser fra kommersielle selskaper utgjør den største delen av den ulovlige kapitalflyten, ifølge Global Financial Integrity.

Dette medlem merker seg den økte interessen for å se nærmere på de uønskede virkningene av ubemannede våpensystemer. Dette medlem understreker viktigheten av at Norge følger utviklingen med ubemannede våpensystemer kritisk med spesiell oppmerksomhet på våpnenes uheldige virkninger. Dette medlem krever at regjeringen informerer Stortinget dersom Norge fortsetter å utvikle våpensystemer i autonom retning.

Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Meld. St. 22 (2013–2014) – om Noregs deltaking i den 68. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 67. generalforsamlinga i FN – vedlegges protokollen.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 22. oktober 2014

Anniken Huitfeldt

leder

Øyvind Halleraker

ordfører

